



Valldal Idrettslag

Referat frå styremøte Valldal IL

Onsdag 2. mars 2022 kl 19.30

Klubbhuset – Omenås

Desse møtte:

Einar Hoel, Odd Lennart Vikene, Lars Petter Hauge, Ellisiv Jarvik, Monika Høydal Lingaas

1. vara til styret: Turid Løvoll

Fotball v/Cato Heggen

Friidrett v/Magne Eivind Glomnes

Trim v/Oddbjørn Myklebust

Disksport v/Richard Moen

Dagleg leiar Olav Løvoll

Forfall:

Ski v/Jan Ole Fuglem

Kontrollutval Lars Tomas Bersås

Sakliste -

11/22 Val av møteleiar

Einar Hoel blir vald som møteleiar

12/22 Godkjenning av referat frå styremøte 9. februar 2022

Referat frå førre styremøte er godkjent

13/21 Kort informasjon frå gruppene, hovedstyret og dagleg leiar

Ski –

Friidrett – Ikkje noko nytt sidan sist.

Disksport- Ikkje noko nytt sidan sist

Trim – Ikkje noko nytt. Premiane for fjelltrimmen 2021 trekkast neste veke.

Fotball – Ungdomsserien er meldt på innan fristen. Ikkje nok spelarar til å melde på herre senior 11ar lag.

Dagleg leiar – Allidrett – litt mindre som deltek enn tidlegare. Mange som deltek i den minste barnehagegruppa. Kjellaren er snart ferdig, litt malingsarbeid står att. Merking av rømmingsvegar og brannvarslar bør på plass. Olav ordnar dette.

Kasserar - Rekneskapet er klar om ei veke. Sokkerekneskapet går ikkje heilt opp, dette blir sett på.



Valldal Idrettslag

Frivilligforum – 3 stk frå idrettslaget deltok.

- Eit sykkelløp kjem til Fjord kommune i juni, deltakar frå fjord blir spurt om å delta
- Nettsida Opplev Fjord blir snart lansert.
- Brev om Olsok er sendt ut, Valldal hornmusikklag og Valldal bygdekvinnelag har sagt ja til å delta. Kirka arrangerer gudsteneneste søndag som vanleg.
- Skiskyttarstadion – saka går sin gang
- E-post frå ressursgruppa, dei vil gjerne ha ei liste med oppgåver dei kan utføre for å planlegge arbeidet sitt. Helst utandørsarbeid.

14/22 Bygdefest Martin Linge huset

Det er planlagt bygdefest på Martin Linge huset laurdag 9. april. Sum brukar av huset vert Valldal idrettslag bedt om å stille med 18 personar for å hjelpe til på arrangementet. Namn på desse skal meldast inn og desse får tildelt oppgåver av arrangementkomiteen.

Vi skal altså sette opp 18 personar med ulik alder og kjønn og fordelt på dei ulike gruppene. Monika, Einar, Lars Petter og Turid melder seg frå styret, i tillegg dagl leiar Olav. Richard Moen melder seg. Utvalde medlemmar blir sett opp.

15/22 Avgrensa høyring, lokal hundeforskrift Fjord kommune

Idrettslaget har fått oversendt informasjon frå landbruksjefen i Fjord kommune om avgrensa høyring, lokal hundeforskrift. Dette gjeld båndtvang på "sport og idrettsanlegg" og turvegar, skiløyper mm . Båndtvang kan gjelde heile året på idrettsanlegg og i periodar i skiløyper og liknande.

Vi bør gje tilbakemelding på dette. Høyringsfristen er 31.3.22

Spørsmål Fjord kommune vil ha tilbakemelding på :

Er det behov/ønskjeleg med bandtvang på «sport og idrettsanlegg» heile året. - nei

Er det behov/ønskjeleg med bandtvang maskintrakka løyper. - nei

Blir det for komplisert med å sette bandtvang på utferdsdagar som foreslått ovanfrå. Bandtvangen må kanskje informerast på eit vis. - ja

Er det eventuelt nokre løyper som er aktuelle/uaktuelle for bandtvang. – nei

Styret anbefalar utvida bandtvang som tidlegare praksis i Fjord kommune.

Einar sender tilbakemelding.

16/22 Saker til årsmøte

Er det saker som skal takast opp og førebuaast til årsmøte utanom dei faste og ordinære sakene? Arbeidsplan 2022, kva tiltak bør vere med i denne og kva oppgåver bør prioriterast.

- Ingen har spesielle saker som dei ynskjer å ta opp.



Valldal Idrettslag

17/22 Eventuelt

Anders Rem møter for valnemnda, dei har problem med å finne leiar, dei andre funksjonane er dekt opp. Valnemnda har spurt mange i idrettslaget og mange på utsida av idrettslaget utan respons. Kva meiner styret om det blir laga ein artikkel i Storfjordnytt om leiarjakta ? Styret er positiv til at valnemnda gjer det som er mogleg for å få tak i leiar.

Bør det gjerast tiltak som:

- leiar blir vald for ei avgrensa periode t.d max 4-5 etter kvarandre år
- mindre undergrupper
- avlønning av leiar/styre

i tilfelle må dette takast opp på årsmøtet og evt leggast inn i vedtektene.

Anders Rem og valnemnda tek kontakt med Storfjordnytt

Klubbhusansvarleg Ellisiv ynskjer at gruppene er flinkare til å bruke kalenderen, alle arrangement må leggast inn.c|